



HAREID KOMMUNE



KOMMUNAL FØRE- BYGGINGSPLAN FOR BARN OG UNGE

2026

Utfordringsbilete

Oppvekst- og folkehelseprofilen for 2025 viser at Hareid kommune har eit samansett bilete av oppvekstvilkåra for barn og unge. På fleire område ligg kommunen signifikant dårlegare an enn landssnittet, særleg når det gjeld skuleprestasjonar, barnevernstiltak og utanforskap blant ungdom. Samstundes viser profilane fleire positive trekk, mellom anna låg grad av økonomisk utanforskap og høg tilfredsheit med enkelte fritidstilbod.

Meistringsnivået i lesing på 5. trinn og gjennomsnittleg grunnskulepoeng ligg under landsnittet. Hareid har ein høgare del barn med barnevernstiltak (5,8 %) enn landsgjennomsnittet (3,4 %). Andelen unge i alderen 15–29 år som står utanfor arbeid og utdanning, er signifikant høgare enn landssnittet. Fleire mottek stønad til livsopphald, og fleire ungdomar opplever at familien har dårleg råd. Ungdata-undersøkinga viser også at ungdom i Hareid er vesentleg mindre nøgde med lokalmiljøet sitt enn ungdom elles i landet.

Mål

- Oppretthalde styrkinga av helsesjukepleiarressursen.
- Oppretthalde universelle tiltak retta mot barn, elevlar og foreldre.
- Oppretthalde tilbodet om rustesting gjennom forsterka helsestasjon.
- Tilby individuell foreldrerettleiing til foreldre som har behov for støtte.

Medverknad

Skildringa av utfordringsbiletet og utviklinga av planarbeidet, innsatsen og tiltaka i denne planen er forankra i kommunen sin Plan for førebygging av omsorgssvikt og utvikling av åtferdsvanskar, som vart vedteken av kommunestyret i mars 2026. Alle sektorar i kommunen har medverka i planarbeidet, saman med Ungdomsrådet og Levekårsutvalet. Ungdata-undersøkinga har vore eit viktig grunnlag for beskrivinga av kommunen sitt utfordringsbilete.

Tiltak

Tiltak 1: Helseopplysning og undervisning i barnehage og skule

Ansvarleg: Hareid helsestasjon

Samarbeidspartnarar: Barnehagane og skulane i kommunen i samarbeid med helsestasjonen

Skildring av tiltaket

Helsestasjonen tilbyr undervisning til barnehagebarn to gonger årleg. Tema omfattar mellom anna:

- psykisk helse og dei ulike følelsane
- vald og overgrep

Skulehelsetenesta tilbyr undervisning på ulike klassetrinn om:

- pubertet
- seksuell helse
- fysisk helse og psykisk helse
- vald og overgrep

Tiltaket skal gi barn og elevar kunnskap og styrkt handlingskompetanse. For å sikre oppdatert fagkunnskap er det behov for kompetanseheving av helsesjukepleiarane gjennom ulike kurs

Tiltak 2: Universelle foreldrestyrkjande tiltak

Ansvarleg: Hareid helsestasjon

Samarbeidspartnarar:

- jordmortenesta
- fysioterapitenesta
- støttande team
- sektor for læring og kultur
- tenesta for psykisk helse og rus

Skildring av tiltaket

Helsestasjonen tilbyr:

- Fødsel- og foreldreførebuande kurs tre gonger årleg.
- Barselgrupper for foreldre og barn.
- Babymassasjekurs.
- Foreldrekurs Tryggleikssirkelen (COSP) og Tuning in to Teens (TINT) to gonger årleg.
- Foreldrekurs for foreldre til barn med autismespekterforstyrring ein gong årleg.

For å gjennomføre kursa vil det vere behov for innkjøp av kursmateriell og lisensar. Målet er at kursa skal vere gratis for deltakarane så langt tilskotsmidlane dekkjer kostnadene.

Tiltak 3: Forsterka helsestasjon – rustesting

Ansvarleg: Hareid helsestasjon

Samarbeidspartnarar:

- Hareid helsestasjon
- Interkommunal barnevernsteneste

Skildring av tiltaket

Helsestasjonen tilbyr, i samarbeid med barnevernstenesta, rustesting av foreldre med barn under 18 år og av ungdomar når dette er avtalt med barnevernstenesta, foreldra og ungdommen.

Tiltak 4: Individuell foreldrerettleiing og heilskapleg oppfølging av familiar

Ansvarleg: Hareid helsestasjon

Samarbeidspartnarar:

- Støttande team (psykisk helseteam for barn og unge og læringsmiljøteam)
- PMTO-terapeut
- Helsestasjonen

Skildring av tiltaket

Hareid helsestasjon tilbyr individuell foreldrerettleiing til foreldre som opplever utfordringar i foreldrerolla. Rettleiinga blir gitt av helsesjukepleiarar med relevant kompetanse.

Kommunen deltek også i eit interkommunalt samarbeid som tilbyr PMTO-terapi til foreldre.

Støttande team er eit tverrfagleg team som tilbyr oppfølging til barn og ungdom med lette til moderate psykiske vanskar. Teamet arbeider ut frå eit heilskapleg familieperspektiv og gir støtte på dei arenaene der barnet eller ungdommen oppheld seg.

Forankring

Samarbeidsforum for barn og unge (SBU) er styringsgruppe for planen. Forumet er eit tverrfagleg samarbeidsorgan på leiarnivå der sektorane velferd, læring og kultur, barnevern og PPT er representerte.

Planen er forankra i

- Plan for førebygging av omsorgssvikt og utvikling av åtferdsvanskar
- Kvalitetsplan for god oppvekst i Hareid kommune
- Helse- og omsorgsplan
- Kommuneplanen
- Handlingsplan for interkommunal samordning av lokale rus- og kriminalitetsførebyggjande tiltak (SLT)
- Barn og unges helseteneste – satsing med sju samhandlingsforløp for dei vanlegaste psykiske helseutfordringane hos barn og unge.